



SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE

Vedtekter for Marint verdiskapingsfond Sogn og Fjordane

§1 Organisering

Marint verdiskapingsfond Sogn og Fjordane er organisert som ein del av Sogn og Fjordane fylkeskommune.

§2 Føremål

Fondet skal nyttast til aktivitetar retta mot følgjande tema:

Primært skal fondet nyttast til å finansiere tiltak/prosjekt som kan bidra til ei berekraftig utvikling av akvakulturnæringa. Med berekraftig meiner ein i denne samanhengen utfordringar knyta til lokalitetsval og –struktur, tilpassing til klimaendringar, motvirke sjukdom og smittespreiing, og opparbeide kunnskap om kva effekt oppdrettsfisk har på villfisk.

Sekundært kan fondet også vurdere tiltak som bidreg til å auke den lokale verdiskapinga innan havbruksnæringa. Med auka lokal verdiskaping meiner ein t.d. auka grad av bearbeiding, produktutvikling og/eller utvikling av teknologi som kan bidra til auka verdiskaping. Det vil her vere viktig at ein kan synleggjere koplinga mellom produktet og at det faktisk og reelt fører til auka verdiskaping lokalt (i høve til auka omsetning, tal arbeidsplassar og liknande).

§3 Kven som kan søkje

Fondsmidlane kan søkjast av kommunar (primært samarbeidande), bedrifter, organisasjonar og FoU- institusjonar. Også fylkeskommunen kan fremje tiltak for bruk av midlane, t.d. skal eit prosjekt på framtidig lokalisering av akvakultur i Sogn og Fjordane vurderast delfinansiert gjennom dette fondet.

§4 Forankring i fylket

Tiltak og prosjekt som får støtte skal ha ei klar forankring i Sogn og Fjordane, og bidra til ei berekraftig forvaltning og/eller auka lokal verdiskaping.

§5 Grunnkapital

Grunnkapitalen er på 11 millioner kroner per 20. mai 2010.

§6 Uttak frå fondet

I utgangspunktet vert det lagt opp til at grunnkapitalen i fondet vert trappa ned til null over ein periode på fire til seks år.

§7 Fondsforvaltning

Fondsmidlane vert plasserte som ein del av fylkeskommunen sine likvide midlar og forvalta i samsvar med fylkeskommunen sitt finansreglement. Renter vert lagt til fondet det påfølgjande året.

§8 Søknad og administrasjon

Det vert ei årleg utlysing av midlane. Dersom ikkje kvaliteten på søknadane er god nok, vil midlane stå urørte til neste års utlysing.

Tilskot skal *som hovudregel* maksimalt utgjere 50 % av det samla kapitalbehov for tiltaket/prosjektet.

Søknadsskjema og rutinar for kvalitetssikring og tildeling vert handtert av administrasjonen som fungerer som sekretariat. Administrasjonen vil harmonisere rutinar for tildeling og tilsegn med andre utviklingsmidlar som hovudutval for plan og næring disponerer.

Hovudutval for plan og næring gjer vedtak om kva prosjekt som skal få stønad etter tilråding frå administrasjonen. Forvaltningskostnader utover sekretariatfunksjonen vert belasta fondet.

§9 Rekneskap og årsrapport

Årleg rekneskap og rapport for Marint verdiskapingsfond skal inngå i fylkeskommunen sitt årsrekneskap, fylkesrådmannen sin årsrapport og årsmeldinga frå hovudutval for plan og næring.

§10 Klage

Påklaga vedtak vert vurdert på nytt av hovudutval for plan og næring, og går vidare til fylkesutvalet som klagenemnd i fall hovudutvalet hald fast ved sitt vedtak.

§11 Verknadstidspunkt

Desse vedtektena trer i kraft frå juni 2010.